

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Flora kontrollutval

Møteinnkalling

Møtedato: 09.09.2014

Møtestad: Eikefjord skule / Eikefjord barnehage

Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen eller andre frå administrasjonen i sak 46 – 48. Revisor i sak 49.

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
044/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/14	Skriv og meldingar
046/14	Eikefjord barnehage og Eikefjord skule - synfaring
047/14	Tarzanjungel på Flora barneskule - orientering
048/14	Nettbrett til ungdomsskuleelevar i Flora - orientering
049/14	Prosjektrekneskap Oppdatering av el-anlegg (78600)
050/14	Oppfølgingsliste 6 - 2014
051/14	Eventuelt

Møtet startar med synfaring i barnehagen og skulen.

Med helsing

Bjarne Holme

Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 09.09.2014	Saksnr 044/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 14/168
---	-------------------------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 09.09.2014	Saksnr 045/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 14/112
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.07.2014	Havhesten Flora kommune KF Styrereferat 15 mai 2014	176
21.08.2014	SV SV Referat frå styremøte i Havhesten den 15.5. (L)(247)	315
21.08.2014	SV: Spørsmål om varamedlem kontrollutvalet	314
31.07.2014	Revisjonsuttale spelemiddel Sunnfjord Hestesportsenter 090714	200
31.07.2014	Flora Pressereglement	201
31.07.2014	Flora Retningsliner for sosiale media	202
31.07.2014	Veileder_for_horing_i_kontrollutvalget_-_endelig_versjon	203
27.08.2014	Flora Grønenga og Norstone, status	348
27.08.2014	Vedtak etter klage på vedtak om kommunalt driftstilskot for Furuhaugane barnehage med vedlegg KS og NKK	350

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

...

Saksutgreiing:

Til stades:	Halvor Halvorsen (styreleiar), Marit G. Stave (nestleiar), Rune Bortne og Magny K. Rogne (tilsettrepr.)	Dato:	15. mai 2014
Fråfall:	Solveig Willis		
Frå administrasjonen	Mette Gundersen	Arkivsak:	
Kopi til:		Arkivnr.:	

Sak 13/2014 Godkjenning av innkalling

Styrets vedtak:

Styret ber om at agenda og alle vedlegg knytt til agendaen skal vere på plass fire dagar innan styremøtedato.

Sak 14/2014 Synfaring Havhesten

Styret og DL gjekk gjennom arbeid gjort i teknisk rom samt inspisering av HC garderobe og status på arbeid knytt til den manglande døra. Sistnemde er sett i bestilling og estimert leveringstid sett til veke 25.

Styrets vedtak:

Styret tek arbeidet med HC-døra til vitande.
Når det gjeld teknisk rom er styret einstemmig på at det er gjort kjempebra arbeid.

Sak 15/2014 Gjennomgang av styrereferat og evt. merknader

Styrets vedtak:

Styret ber DL følge opp rådmannen i saka m.o.t. konsekvensar av kutt i tilskot for 2014.

Sak 16/2014 Revisjonsrapport og rekneskapen 2013 Havhesten

Det blei gått gjennom revisjonsrapporten for Havhesten sitt rekneskap for 2013.

Styrets vedtak:

Styret godkjenner rekneskapen, og tek revisjonsrapporten til følge.

Sak 17/2014 Orientering omsetnad per 31. mars

DL gjekk gjennom prognosen for 1. kvartal. Vanlig med høg inntening, men og høge kostnader på vedlikehald. Ligg litt bak i forhold til budsjetterte inntekter, men ein reknar med at dette vil jamne seg ut i løpet av året.

Sak 18/2014 Godkjenning av sak til bystyret vedrørende overdraging av eigaransvar av bygget Havhesten til Flora kommune.

DL gjekk gjennom forslag til sak etter innspel frå styret.

Styrets vedtak:

Styret meiner dokumentet framleis er for lite konkret, og har gjort om dokumentet til eit arbeidsutkast, som med dei endringane som er vedteke i møtet, skal takast vidare til rådmannen for

Møtebok

Havhesten Flora kommune KF

å førebu ei politisk sak.

Sak 19/2014 Strategidokument Havhesten

Dagleg leiar gjekk gjennom utkast til strategidokument som skal danne grunnlag for framtidig handlingsplan.

Styrets vedtak:

Dokumentet blei levert altfor tett på styremøtet, og styret hadde ikkje fått gått skikkeleg gjennom alt. Styret ønskjer å gjere om på hovudmåla, og endre på ein del formuleringar i analysen. Dokumentet skal takast igjen og det skal gjerast vedtak innan handlingsplanen for 2015 skal til behandling i styret til hausten.

Sak 20/2014

Aksjonsplan

DL gjekk gjennom aksjonsplanen, og status på dei prosjekta som ligg til oppfølging.

Styrets vedtak:

Styret tek dette til orientering.

Sak 21/2014

Eventuelle saker

To saker:

1. Styreleiar orienterte om møtet med kontrollutvalet 15. mai.
2. Tillitsvalde la fram brev om at det eine ventilasjonsanlegget har vore ute av drift i fleire månader, og korleis dette påverkar arbeidsdagen til dei tilsette. Dagleg leiar ønskjer å kjøpe tenester frå Asplan Viak til dette, då dei har fått gode skussmål frå nyare badeanlegg for godt arbeid. DL orienterte også om at ein representant frå Gunnar Karlsen nettopp har vore på Havhesten for å gjere ei vurdering på ventilasjonsanlegget (blei bestilt etter styremøte frå 20/2). Rapport på dette er venta relativt raskt.

Styrets vedtak:

1. Styret tek orienteringa til vitande.
2. Styret ber DL om å få saka inn i aksjonsplanen og følgje opp, slik at vi får ei avklaring før sommaren. Styret meiner at dette bør kunne løysast utan å bruke mykje pengar på konsulenttenester, og vil i første omgang at DL skal kontakte Ivest Consult for ei vurdering på kva som kan gjerast for å reparere anlegget. Om denne saka ikkje kan løysast lokalt, ønskjer styret eit ekstraordinært styremøte for å drøfte kva grep som skal gjerast.

Styremøte slutt.

Halvor Halvorsen (styreleiar)

Marit G. Stave (nestleiar)

Rune Bortne

Magny Rogne

Møtebok

Havhesten Flora kommune KF



Fra: Mette Gundersen
Sendt:
Til:
Kopi:
Emne: SV: SV: Referat frå styremøte i Havhesten den 15.5.

Fra: Mette Gundersen <mette@havhesten.no>
Sendt: 28. juli 2014 09:56
Til: Arnar Helgheim
Emne: SV: SV: Referat frå styremøte i Havhesten den 15.5.

Hei igjen!

Til orientering:

Styreleiar, nestleiar og dagleg leiar i Havhesten hadde møte med rådmannen den 15. juli. Resultatet av dette møtet var at Havhesten skal bestille tilstandsrapport frå fagleg ekspertise på det tekniske og bygningen i Havhesten (via Doffin).

Styret var ikkje stemmedyktig til å vedta bestilling på dette, men det blir kun ein formalitet på neste styremøte i Havhesten den 11. september. Underteikna har fått beskjed om å starte forarbeidet, slik at bestillinga kan skje med ein gong styrevedtaket er på plass. Har kontakta Arve Klokk vedr hjelp til å utforme kravspesifikasjon.

Eg skal ha ferie frå og med onsdag 30. juli og er då ikkje tilbake før den 18. august.

Mvh
Mette,
Havhesten

Fra: Arnar Helgheim [<mailto:Arnar.Helgheim@sekom.no>]
Sendt: 25. juni 2014 11:18
Til: 'Mette Gundersen'
Emne: SV: SV: Referat frå styremøte i Havhesten den 15.5.

Hei☺

Takk for møteboka. Eg sender den ut til kontrollutvalet som referatsak i møte 9. september. Skulle det bli endring, sender vi det ut til første møte etter dette.

God sommar!

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar

Fra: Arnar Helgheim
Sendt:
Til:
Kopi:
Emne: SV: Spørsmål om varamedlem kontrollutvalet

Fra: Arnar Helgheim
Sendt: 27. juni 2014 08:23
Til: 'Ingvar Torsvik Myrvollen'
Kopi: Bjarne Holme (FrP); Bjørg Jansen Mikalsen (V) ; Richter (Ap) Eva Irene; Richter (Ap) Eva Irene; Berit Karin Hovland (SV); Bengt Solheim-Olsen (H); Ester Frøyen; Terje Førde; Trine Vokuhl; Audhild Ragni Vie Alme
Emne: SV: Spørsmål om varamedlem kontrollutvalet

Hei:)

Her er oppsummering frå Fylkesmannen. Som det går fram, er styre i kommunalt føretak likestilt med "kommunal nemnd med beslutningsmyndighet" der medlemmer ikkje er valbare til kontrollutvalet:

Vi viser til spørsmål som gjeld valbarheit til kontrollutvalet. Fylkesmannen si rolle er å rettleie om regelverket etter kommunelova. Vi tek ikkje stilling til konkrete saker.

Reglane om valbarheit til kontrollutvalet går fram av kommunelova § 77 nr. 2:

"2. Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen."

Spørsmålet i denne samanhengen er om styremedlem i kommunale føretak (KF) skal reknast som "medlem av kommunal nemnd med beslutningsmyndighet".

Som de gjer greie for i e-posten dykkar 17.06.2014 fell styremedlemar selskap utanfor denne krinsen.

Vi viser i denne samanhengen til at KF ikkje er eit sjølvstendig rettssubjekt, men rettsleg sett er ein del av kommunen.

Dette inneber at eit styre for KF tvillaust skal reknast som "kommunal nemnd med beslutningsmyndighet", sjå også [rundskriv H-4/11 s. 20: <http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/val_av_formannskap_mm.pdf>](http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/val_av_formannskap_mm.pdf)

Spørsmålet er vidare handsama av KMD i rundskriv H-02/06, der dei i sak 06/450 presiserte følgjande:

"...Departementet gjorde innledningsvis oppmerksom på at det tidligere har uttalt at styret for et kommunalt foretak (KF) må anses som "nemnd med beslutningsmyndighet" i forhold til kommunelovens regler. Medlemmer av styret for vedkommende KF måtte følgelig anses utelukket fra valg til kontrollutvalget, jf. kommuneloven § 77 nr. 2."

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/rundskriv/2006/rundskriv-h-0206.html?id=109621>

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Arnt.Erik.Nordheim@fylkesmannen.no <mailto:Arnt.Erik.Nordheim@fylkesmannen.no>
Tlf: 57 64 31 68

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat
Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:
Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal,
Solund og Stryn

Mobil: +47 975 81 418
Tlf arbeid: 57 61 27 84
arnar.helgheim@sekom.no <mailto:arnar.helgheim@sekom.no>
Hafstadvegen 42
Postboks 338
6802 Førde

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ingvar Torsvik Myrvollen [<mailto:Ingvar.Torsvik.Myrvollen@hoyre.no>]

Sendt: 17. juni 2014 12:52

Til: Ingvar Torsvik Myrvollen

Kopi: Bjarne Holme (FrP); Bjørg Jansen Mikalsen (V) ; Richter (Ap) Eva Irene; Richter (Ap) Eva Irene; Berit Karin Hovland (SV); Bengt Solheim-Olsen (H); Ester Frøyen; Terje Førde; Trine Vokuhl; Sekom postmottak; Arnar Helgheim; Audhild Ragni Vie Alme

Emne: Re: Spørsmål om varamedlem kontrollutvalet

Retting; ho er vara til KFet, men likefullt er dette ein umogleg kombinasjon

Beste helsing Ingvar

Sendt fra min iPhone

> [Den 17. juni 2014 kl. 12:49 skrev "Ingvar Torsvik Myrvollen" <Ingvar.Torsvik.Myrvollen@hoyre.no>](mailto:Ingvar.Torsvik.Myrvollen@hoyre.no)
> <mailto:Ingvar.Torsvik.Myrvollen@hoyre.no>:

>

> Til kontrollutvalet, ordførar, formannskapssekretær / Flora kommune

>

> Kopi Kryss-revisjon og Sekom-sekretariatet

>

> Eit medlem eller varamedlem av kontrollutvalet kan ikkje vere medlem/varamedlem av eit utval med
> beslutningsmynde. Jfr kommunelova

>

> Eg er tilhøyrar til bystyret no. Solbjørg Tonheim (Ap) sa ho er styremedlem i Flora kommune KF

Innvandrarsenteret.

>

> Ho er og personleg varamedlem for Berit Hovland (SV) til kontrollutvalet, og har møtt som vara

>

> Så vidt eg kan sjå må dette rettast opp i snarast

>

>

> Beste helsing

> Ingvar Torsvik Myrvollen (H)

> Nestleiar kontrollutvalet

>

> Sendt fra min iPhone

Denne epost har blitt kontrollert for virus av Comendo Norge AS

[This e-mail has been scanned for viruses by <http://www.comendo.no>](http://www.comendo.no)

Flora Kommune
v/Rådmannen
6900 Florø

Dykkar ref.:	Vår ref.: F://flora/spelem.rek./14 Sunnfjord Hestesportsenter	Arkivkode: 243	Journalnr.: 059 / 2014	Dokumentdato: 09.07.2014
---------------------	--	--------------------------	----------------------------------	------------------------------------

**REVISJONSUTTALE – SPELEMIDDELREKNESKAPEN FOR 1401 FLORA KOMMUNE,
Anleggsnr 1401 1006504 Sunnfjord Hestesportsenter, Ridesti Flora kommune.**

Rekneskapen for ovannemnde spelemiddelanlegg har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll. Rekneskapen for Sunnfjord Hestesportsenter AS er revidert av revisorfirma Deloitte AS, avd. Florø. Det er lagt fram rekneskapsoversikter over hestesportsenteret sine anleggskostnader spesifisert på dei ulike anlegg som det er søkt om spelemidlar til og fått tilsagn om.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med «*ISRS 4400, Avtala kontrollhandlingar*». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen og for at anlegget er i samsvar med Kulturdepartementet sine retningslinjer i Rundskriv V-0732.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:

Det ligg føre rekneskapsamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, for *Sunnfjord Hestesportsenter, Ridesti, Anleggsnummer 1401 1006504* Prosjektet har ein totalkostnad på kr 1 440 000,-, som korresponderer med finansieringa. Anlegget er tildelt spelemidlar med høvesvis kr. 480 000,- jfr tilsagnsbrevet av 26.06.2014

Vi gjer merksam på at sum budsjett i kostnadsoverslag i fornya søknad er basert på fordelt takst på anlegget, jfr. kulepunkt to nedanfor, og spesifisert kostnadsoverslag/vedlegg til søknad. Vi viser også til tilsagnsbreva frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Samandrag av finansieringa av anlegget går fram av side 1 i rapporteringsskjemaet. Side 2 viser spesifisert rekneskapsamandrag.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 2646
- evt. mobil: 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil: 47 65 50 93

Vi har gjennomført følgende kontrollhandlingar:

- ⊙ om rekneskapssamandraget er underskrive på vegne av kommunen
- ⊙ om rekneskapen er samanliknbar med kostnadsoverslaget – sjå ovanfor
- ⊙ om verdien av dugnad, gåver og rabattar er ført opp iht godkjent kostnadsoverslag;
 - sjå kommentar i avsnittet ovanfor
- ⊙ om sluttkostnaden for anlegget i rekneskapssamandraget utgjer verdien av kontantutgifter og verdiar av gåver, dugnader og rabattar slik det er oppstilt i rekneskapssamandraget/skjemaene
- ⊙ eit tilfeldig utplukk av utgiftsbilaga mht om:
 - fakturaene er bokført med rett beløp
 - det er utgifter som åpenbart ikkje synest å vedkome prosjektet
 - utgiftene er stønadsberettiga etter regelverket

Vi har ingen merknader til dette og gjer merksam på at vi delvis har bygt på dokumentasjon frå selskapet sin revisor og det verditakstgrunnlag som er utarbeidd av godkjend takstmann (Norges Takseringsforbund); jamfør her det rekneskapsmaterialet som har vore førelagt kommunenrevisjonen i samband med denne særattestasjonsoppgåva for dette anlegget.

Utover det vi har nemnt i tredje avsnitt ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til sluttrekneskapen. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa, med visning til denne melding, og reknar med at kommunen tek rekneskapssaka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka.

Florø, 09.07.2014

KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjon i
 Florø og Sunnfjord



Trine Vokuhl
 Kommunerevisor I

Vedlegg:
 Rekneskapssamandrag
 Tilsagnsbrev m/vedlegg

KOPI: Sogn og Fj. Fylkeskommune - Kulturavdelinga
 Økonomiavd
 Kontrollutvalet i Flora

Rekneskapsamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Sunnfjord Hestesportsenter, Rigesti ute	Anleggsnr.:	1401006504
Anleggseigar:	Flora Køyre og Rideklubb/Sunnfjord Hestesportsei	Kommune:	1401 Flora kommune
Rekneskapan er	<input type="radio"/> Delrekneskap <input checked="" type="radio"/> Sluttrekneskap	for perioden frå	til
<u>Flora</u> Stad	<u>28.07.2014</u>	<u>28/7-2014</u> Dato	<u>Tore Jakob Bladsen</u> Underskrift anleggseigar
Anlegget er fullført i samsvar med planen			
<u>Flora</u> Stad	<u>9/7-2014</u> Dato	<u>9. juli 2014</u> Stempel og underskrift kommune	FLORA KOMMUNE Informasjon og service
Rekneskapan er kontrollert. Revisorattest er vedlagt.			
<u>Flora</u> Stad	<u>9.7.14</u> Dato	<u>KRYSS REVISJON</u> Stempel og underskrift revisor	KRYSS REVISJON KOMMUNEREVISJONEN I FLORA

Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Rekneskap
Tilskot av spelemidlane (utbetalt)	462 333	
Eigenkapital		49 972
Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Fylkeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Private tilskot, kontantar		
Andre tilskot	176 000	175 902
Lån	525 355	560 756
Sum kontantinntekter	1 163 688	786 630
Gåver, rabattar		
Dugnad	276 312	173 370
Sum samla finansiering i søknaden	1 440 000	
Ikkje-utbetalte spelemidlar		480 000
Andre uteståande fordringar		
Sum samla finansiering i rekneskapan		1 440 000

Kulturdepartement
 Idrettsavdelingen
 Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
 Telefon 22 24 80 64
 Telefaks 22 24 95 52
postmottak@kud.dep.no



Handwritten signature or mark, possibly including the word "Kenny" and some illegible text below it.

Utgifter

Hovudpostane i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjende budsjettet.
Før inn tala frå kostnadsoverslaget.

Hovudpost	Budsjett i søknaden				Rekneskap				
	1) Sum kjøpte varer og tenester	2) Mva. på kjøpte varer og tenester	3) Verdi av dugnad, gåver og rabattar	Sum totalverdi 1+2+3	Kjøpte varer og tenester	Betalt mva.	Sum betalte utgifter	Verdi av dugnad, gåver og rabattar	Sum totalverdi
Utgifter som gir rett til tilskot									
1 Grunnarbeider				0	643 142		643 142	199 800	842 942
2 Bygning				0			0	185 988	185 988
3 VVS				0			0		0
4 Elektro				0	31 000		31 000	11 070	42 070
5 Tele/Alarm				0			0		0
6 Ventilasjon				0			0		0
7 Inventar				0			0		0
8 Bet.arb.				0			0		0
9 Bet.gulv				0			0		0
10 Innredning				0			0		0
11 Vann				0	187 500		187 500		187 500
12 Kloakk				0			0		0
13 Rigg/Drift				0			0		0
14 Gjerde				0			0		0
15 Bygg vant i ridehall				0			0		0
16 Skogrydding				0			0	181 500	181 500
17				0			0		0
18 Byggekostnader fordelt				0			0		0
19 kostnadsoverslag i søknad	1 440 000			1 440 000			0		0
20				0			0		0
21				0			0		0
22				0			0		0
23				0			0		0
24				0			0		0
25				0			0		0
26				0			0		0
27				0			0		0
28				0			0		0
29				0			0		0
30				0			0		0
Sum	1 440 000	0	0	1 440 000	861 642	0	861 642	578 358	1 440 000
Utgifter som ikkje gir rett til tilskot									
1				-			-		-
2				-			-		-
3				-			-		-
4				-			-		-
5				-			-		-
6				-			-		-
7				-			-		-
8				-			-		-
9				-			-		-
10				-			-		-
11				-			-		-
12				-			-		-
13				-			-		-
14				-			-		-
15				-			-		-
Sum	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Samla utgifter				1 440 000			861 642		1 440 000

Felt som skal fyllast ut ved søknad om mva-kompensasjon:

Betalt mva.*	
Frådragsgodkjend mva.*	
Mva. det kan søkjast om kompensasjon for	0

* Betalt mva. for utgifter som gir rett til tilskot

* Frådragsgodkjend mva. er inngående mva. som kan førast som frådrag i det ordinære avgiftsoppgjeret for dei søkjarane som er registrert i mva-registeret



Flora Køyre og Rideklubb
Postboks 277
6902 FLORØ

26.06.2014

Dykkar ref.:
13/02089

Saksbehandlar:

Søknadsnummer:

Atle Skrede

Arkiv nr:

FORDELING AV MIDLAR TIL IDRETTSANLEGG 2014 - TILSEGN OM ORDINÆRE MIDLER TIL ANLEGG NR 1401006504 SUNNFJORD HESTESPORTSSENTER, RIDESTI - FLORA KOMMUNE.

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde anlegg.

Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på **kr 480 000.**

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling når anleggsarbeida er kome godt i gang. Søknad om delutbetaling må innehalde eit delrekneskap og ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.
3. Sluttutbetaling vert ikkje gjort før kontrollert rekneskap er sendt inn saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap ved tilsegn om tilskot over kr 100 000,-. For kart skal i tillegg eit eksemplar av kartet leggest ved.
4. Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.
5. Dersom det gjeld fornying av søknad, skal denne leverast på elektronisk skjema. Orientering om byggearbeidet og førebels rekneskapsoversikt skal leggest med, sjå V-0732. Dersom anlegget er ferdigstilt, skal kontrollert rekneskap leggest ved søknaden.

Vidare viser vi til føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732.



Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida <http://www.signform.no/dss/>

Med helsing

Ingebjørg Erikstad (sign.)

fylkesdirektør

Guro Høyvik

rådgjevar

Kopi: Flora kommune

Pressereglement

Forfatter: Terje Heggheim
Frå dato 05.06.2002
Oppdatert 06.12.2010
Erstatter BS 134/92, 37/95,
BS 146/09

- [1. Innleiing](#)
- [2. Utsending av dokument](#)
- [3. Dokumentgjennomsyn](#)
- [4. Løpande kontakt med media](#)
- [5. Delegering](#)

1. Innleiing

a) Føremål

Føremålet med dette reglementet er å vere mest mogleg open for media, slik at media så lett og tidleg som råd får høve til informasjon om den kommunale verksemda.

b) Heimel for ikkje å offentleggjere saker og dokument

Alle dokument og saker er i utgangspunktet offentlege. Leiar for vedkomande administrasjon tek avgjerd om opplysningar i einskildsaker og einskilde dokument likevel kan unntakast etter offentleglova eller forvaltningslova. Heimel for avgjerda skal opplyst, og prinsippet om meir offentlegheit skal nyttast.

2. Utsending av dokument

Kommunelova § 4:

«Kommuner og fylkeskommuner skal drive aktiv informasjon om sin virksomhet. Forholdene skal legges best mulig til rette for offentlig innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltning».

Gjeldande reglement for saksbehandling supplerer reglane i dette pressereglementet.

Saker til råd, nemnder, styre, hovudutval, formannskap og bystyre:

Det skal vere berre eitt sakskart til møta. Alle saker som skal handsamast skal stå på kartet. Saker som skal handsamast for lukka dører, skal formulerast slik at det går klart fram kva saka gjeld, utan at fortrulege opplysningar kjem fram.

Tenesteleiar, eller rådmannen tek avgjerd om saka ikkje skal vere offentleg. I tvilstilfelle tek rådmannen avgjerd.

Leiar i hovudutval eller ordførar vurderer dette på ny når sakene vert sende ut til politisk handsaming. Sakskarta og utgreiinga for dei sakene som er offentlege vert sende til media/gjort tilgjengelege på Flora kommune sine nettsider, samstundes med utsendinga til medlemene i dei ulike organa.

3. Dokumentgjennommsyn

a) Journalar og register.

Media har rett til å gjennomgå kommunen sine journalar og register i alle saker. Media har eit sjølvstendig ansvar for at fortrulege opplysningar i journalar og register ikkje vert vidareformidla.

Offentleglova § 12, (tidlegare § 5 a andre ledd) Unntak for resten av dokumentet

”Når organet gjer unntak frå innsyn for delar av eit dokument, kan det også gjere unntak for resten av dokumentet....”

Offentleglova § 13, (tidlegare § 5 a første ledd) Opplysningar som er underlagt teieplikt

”Opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller medhald av lov, er unnatekne frå innsyn.....”

Offentleglova § 14 , (tidlegare § 5 første ledd):Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing (organinterne dokument)

”Eit organ kan gjere unntak for innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing....”

Offentleglova § 15, (tidlegare § 5 trede ledd)Dokument innhenta utanfrå for den interne saksførebuinga.

”Når det er nødvendig for å sikre forvarlege interne avgjerdsprosessar, kan organet gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har innhenta frå eit underordna organ i den interne saksførebuinga si.....

Offentleglova 16, (tidlegare § 5 , tredje ledd) Innsyn i interne dokument hos kommune og fylkeskommune.

”Unntaka i §§ 14 og 15 gjeld ikkje:

a) saksframlegg med vedlegg til eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ,

b) saksliste til møte i folkevalde organ i kommunar og fylkeskommunar,

c) dokument frå eller til kommunale og fylkeskommunale kontrollutval, revisjonsorgan og klagenemnder og

d) dokument i saker der ei kommunal og fylkeskommunal eining opptrer som ekstern part i høve til ei anna slik eining.....”.

b) Saker under behandling, arkiverte saker m v.

Leiar for vedkomande administrasjon tek avgjerd om dokumenta kan utleverast til media. Heimel for avgjerda skal opplysast. Så langt mogleg skal media ha kopi av dokument.

4. Løpande kontakt med media

a) Melding om vedtak

Utskrift av møtebøker skal sendast til media og/ eller vere tilgjengeleg på Flora kommune sine heimesider. I saker som ikkje er offentlege, skal fortrulege opplysningar takast bort før utsending.

Prinsipp om likebehandling av medier vert lagt til grunn i samsvar med offentleglova § 6.

Politisk sekretariat/protokollfører gir på førespurnad opplysning om kva vedtak som er fatta.

b) Opplysningar, kommentarar og vurderingar

Opplysningar om og vurderingar knytt til sakstillhøve vert å gje av tenesteleiarar, stabsleiarar, kommunalsjefar, rådmannen og ordførar.

Vedkomande saksbehandlar skal på førespurnad gje informasjon om fakta, eller vise til rett person eller instans. Alle tilsette skal opptre lojalt overfor administrative eller politiske vedtak.

Administrasjonen skal ikkje gjere politiske vurderingar. Kommunalt tilsette har likevel same rett som andre innbyggjarar til å delta i politiske debattar som privatpersonar, også om saker dei har kjennskap til gjennom jobben

5. Delegering

Rettar og plikter etter dette reglementet vert delegerte til dei tilsette som vert pålagde plikt til å gå inn i leiarstilling som nemnt når leiar for administrasjon er fråverande.

Utdrag frå Offentleglova- som har spesiell relevans med tanke på driftsoppgåver som rådmann, stabsleiarar, tenesteleiarar og andre med delegert ansvar ofte nyttar.

Offentleglova § 23: Unntak med omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon m.m.

«Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomi-, lønns-, eller personalforvaltninga til organet....»

Offentleglova § 24: Unntak for kontroll-og reguleringsiltak, dokument om lovbrøt og opplysningar som kan lette gjennomføring av lovbrøt

” Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd fordi innsyn ville motverke offentlege kontroll- eller reguleringsiltak eller andre pålegg eller forbod, eller føre til fare for at dei ikkje kan gjennomførast....”

Offentleglova § 25: Unntak for tilsetjingssaker

” Det kan gjerast unntak for dokument i sak om tilsetjing eller forfremjing i offentlig teneste....

Unntaket gjeld ikkje søkjarlister (namn, alder, stilling eller yrkestittel, bustad og arbeidskommune.....”

26. oktober 2011 Irene Løken



Retningslinjer for sosiale media

1. Kvifor skal Flora kommune vere på sosiale media?

Det å vere til stades i sosiale media gjev oss høve til å få råd og innspel, eller å svare på spørsmål frå innbyggjarane våre og anna publikum, til å følgje med på meiningsytringar, og til å spreie kunnskap om våre tilbod.

2. Kommunen sine offisielle kontoar

2.1

Offisielle kontoar med namn Flora kommune skal opprettast av rådmannen eller den han delegerer dette mynde til.

2.2

Oppretting av offisielle kontoar i regi av kommunale tenester kan ikkje utførast utan etter godkjenning av rådmannen. Det skal ved søknad om godkjenning opplysast om føremålet med kontoen. Kortfatta søknad vert å sende rådmannen som e-post.

2.3

Tenesteleiar er ansvarleg for drifta av den einskilde konto, og rådmannen eller den han delegerer mynde til skal ha administratorrettar til kontoen.

2.4

Alle ytringar på dei offisielle kontoane skal vere politisk og religiøst nøytrale, og må elles ikkje verke diskriminerande på nokon annan måte.

2.5

Ved all kommunikasjon på offisielle kontoar: Husk at du alltid representerer Flora kommune.

2.6

Vær bevisst på skiljet mellom administrativt og politisk nivå. I politiske saker som er under handsaming skal det kun visast til rådmannen si innstilling, og ved politiske saker som er avgjort skal det visast til vedtaket. Ikkje gje egne vurderingar i denne type saker.

2.7

Sakshandsaming skal ikkje føregå i sosiale media. Ved henvendingar som krev sakshandsaming eller har verdi som dokumentasjon skal avsendar gjerast merksam på kommunen si dokumentasjonsplikt. Henvendinga skal i tillegg formidlast vidare til rette instans og arkiverast.

2.8

Det kan informerast om offentlege arrangement og anna som er av stor betydning for lokalsamfunnet vårt og innbyggjarane våre.

2.9

I dialog med andre på sosiale media:

2.9.1: Vær til stades, delta i debattane.

2.9.2: Svar på spørsmål og kommentarar snarast mogleg.

2.9.3: Rett opp faktafeil

2.9.4: Sei takk for skryt

2.9.5: Svar også på nøytrale kommentarar

2.9.6: Svar på negative kommentarar, men vurder kor lenge du vil at dialogen skal oppretthaldast

2.10

I krisesituasjonar der rådmannen har sett krisestab, skal all kommunikasjon på Flora kommune sine offisielle kontoar gå gjennom rådmannen eller den han delegerer dette til.

3. Tilsette sin bruk av sosiale media

3.1

Vær bevisst di rolle som tilsett i Flora kommune ved all bruk av sosiale media.

3.2

Vær open om at du er tilsett i Flora kommune i samanhengar der dette er naturleg.

3.3

Presiser at du ytrar deg som privatperson og ikkje på vegner av Flora kommune dersom det kan verte reist tvil om di rolle.

3.4

Husk at reglane om teieplikt, personvern, ytringsfridom, lojalitetsplikt mv som du skal forhalde deg til i din jobb i Flora kommune også gjeld når du opptrer som privatperson i sosiale media.

3.5

Delta gjerne i faglege diskusjonar på nett. Sosiale media kan også vere ei kjelde til kunnskap.

3.6

Vurder grundig om du som privatperson skal ha kontakt med elevar/brukarar/pårørande/leverandørar i sosiale media. Sjølv om du i utgangspunktet tykkjer det er greitt å skilje mellom rollene, kan dette over tid føre til situasjonar som kan opplevast som problematisk for begge partar.

3.7

Ved henvending som krev sakshandsaming/arkivering skal avsendar oppfordrast til å rette ein formell førespurnad til kommunen. Dette vil då bli handsama i samsvar med kommunen sine sakshandsamingsrutinar.

3.8

Vær varsam! Husk at Internett er permanent. Det kan vere vanskeleg å slette det du har lagt ut på nettet.

4. Reaksjonar på brot/sanksjonar

Eventuelle brot på desse retningslinene vert handtert i samsvar med personal- og arbeidsreglementet til Flora kommune.



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Høring i kontrollutvalget?

Veileder for høringer

Innhold

Innhold	2
Arbeidsgruppas mandat	4
1. Bakgrunn:	5
2 Kontrollutvalgets verktøykasse	5
2.1 Retten til opplysninger og å foreta undersøkelser.....	6
2.2 Måter å skaffe seg informasjon på.....	6
2.2.1 Informasjonsinnsamling	7
2.2.2 Orientering fra rådmann og andre ansatte i møte.....	7
2.2.3 Undersøkelse/begrenset undersøkelse.....	7
2.2.4 Forvaltningsrevisjon innenfor et område.....	7
2.2.5 Selskapskontroll.....	7
2.2.6 Granskning av et spesielt tilfelle innenfor et område	7
2.2.7 Høring	8
3 Hva menes med høring?.....	8
3.1 Karakteristiske trekk ved en høring.....	8
3.1.1 Høring er møte etter kommuneloven § 30	8
3.1.2 Høringer er muntlig saksforberedelse.....	8
3.1.3 Høringer skal omhandle en kontroll- og tilsynssak	9
3.2 Hva en høring ikke skal være.....	9
3.3 Hva kan gi grunnlag for høringer.....	9
4 Hvem kan innkalles til høring – begrensninger og muligheter	10
4.1 Begrensninger/muligheter i en formannskapsmodell	10
4.1.1 Åpne møter og lukking av møte	10
4.1.2 Møteplikt kommunalt ansatte	10
4.1.3 Opplysningsplikt kommunalt ansatte.....	11
4.1.4 Møte- og opplysningsplikt for andre.....	12
4.1.5 Muligheter	12
4.1.6 Samarbeid om høringen med andre kontrollutvalg?	12
4.2 Begrensninger/muligheter i en parlamentarisk modell	13
4.2.1 Møteplikt og opplysningsplikt under en parlamentarisk styringsmodell.....	13
5 Forberedelser til høring.....	13
5.1 Viktige hensyn	14
5.1.1 Formålet	14

5.1.2	Nærmere om kontroll- og tilsynsmessige kriterier	14
5.1.3	Reglement / retningslinjer.....	15
5.1.4	Åpen eller lukket høring	15
5.1.5	Innhenting av bakgrunnsinformasjon	15
5.1.6	Forberede spørsmål	16
5.1.7	Hvem skal og kan høres.....	16
5.1.8	Rettigheter til de hørte.....	16
5.1.9	Møteledelse.....	16
5.1.10	Pressekontakt	16
5.1.11	Sekretariatets rolle	17
5.1.12	Revisors rolle	17
5.2	Siste forberedende møte før høring	17
5.3	Innkalling til høring.....	17
5.4	Tips for praktisk tilrettelegging for høringer	18
6	Gjennomføring av høringen	18
6.1	I møterommet	19
7	Etterarbeid	19
8	Reglement for høringer.....	20
9	Noen råd til slutt.....	21
	Referanser/litteratur	21
	Vedlegg	
	Reglement for høringer i kontrollutvalget.....	22

Arbeidsgruppas² mandat

Styret i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) oppnevnte den 20.03.2013 ei arbeidsgruppe for å se nærmere på bruk av høringer i kontrollutvalget og utarbeide en veileder for hvordan dette kan gjennomføres. Grappa skal også komme med forslag til reglement for høringer.

Styrevedtak/mandat:

«2. Utarbeida ein vegleiar som kontrollutvala kan nytta ved førebuing, gjennomføring og etterarbeid ifm. høyringar i kontrollutvalet.»

Arbeidsgruppa har bestått av:

Hans Blø, kontrollsjef i Møre og Romsdal Fylkeskommune, leder

Wencke S. Olsen, daglig leder i Rogaland Kontrollutvalgssekretariat

Liv Tronstad, daglig leder/kontrollsjef i KomSek Trøndelag IKS

I veilederen er kommune og kommunestyre benyttet som alminnelige begrep, men er også ment å dekke begrepene fylkeskommune og fylkesting. I kommuner/fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er det gitt spesielle kommentarer når det er formålstjenlig.

Vi ser på veilederen som et oppslagsverk, der man leser kun det aktuelle emnet. Enkelte tema er derfor gjentatt flere steder i veilederen, eller med henvisning til det aktuelle kapitlet.

Som målgruppe har vi først og fremst tenkt på behovene som kontrollutvalgssekretærene og kontrollutvalgene måtte ha. Vi ser selvsagt at det kan være alternative måter å gjennomføre en høring på, noe man må vurdere i hver enkelt sak.

Veilederen er ikke en juridisk betenkning, men et hjelpemiddel og en praktisk innføring i hvordan en høring i kontrollutvalget kan legges opp. Det er henvist til aktuelle rundskriv m.m. der det i tilfelle er ønske om en mer juridisk tilnærming i et tema. Arbeidsgruppa konstaterer imidlertid at det rettslige grunnlaget for høringer i kontrollutvalg er mangelfullt, og etterlyser et klarere hjemmelsgrunnlag for dette virkemiddelet.

Vi har likevel innhentet en juridisk vurdering av bestemte deler av veilederen, og takker FKTs juridiske rådgiver, Lic. Jur. Oddvar Overå, for verdifulle innspill.

Vi takker ellers kontrollutvalgsekretariatet i Hordaland fylkeskommune og KonSek Midt-Norge IKS for gjennomsyn av veilederen, og gode råd.

Vi håper veilederen blir til nytte for kontrollutvalgene og deres sekretariat.

Molde/Sandnes/Steinkjer, april 2014.

Hans Blø

Wencke Sissel Olsen

Liv Tronstad

1. Bakgrunn:

FKT ser at bruk av høringer brer om seg, samtidig som at dette er et område som ikke er lovregulert, verken via direkte lovverk, rundskriv eller andre forordninger. Likevel kan bruk av høringer berøre en del lovregulerte områder. Det gjelder både kommuneloven (kopl), forvaltningsloven og lover/avtaler som regulerer ansattes rettigheter. Veilederen tar i hovedsak for seg prosessene ved høringer, og går ikke i dybden i juridiske forhold.

Bruk av høringer kan være et verktøy som egner seg best i et parlamentarisk system. Utgangspunktet for bruk av denne type verktøy er da også Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité, som først og fremst forholder seg til ansvarlig statsråd. Foreløpig er det kun 3 kommuner i Norge som har denne styreformen (Oslo, Bergen og Tromsø) i tillegg til enkelte fylkeskommuner. Flere kan komme etter neste kommunevalg.

Årsaken til at høringsformen ikke egner seg like godt i kommuner som styres etter formannskapsmodellen, er bl.a. at i en parlamentarisk modell vil alle øverste ansvarlige være politikere og ikke ansatte. Dette gir et annet utgangspunkt da politikernes står ansvarlige overfor folket på en annen måte enn ansatte. Tar man hensyn til de begrensninger som kan ligge i å gjennomføre høringer i en kommune som styres etter formannskapsmodellen, vil det imidlertid være fullt mulig å gjennomføre høringer også her.

Høring er et virkemiddel som fortrinnsvis bør brukes i spesielle saker, der kontrollutvalget har behov for å få informasjon direkte fra kildene som et supplement til øvrige virkemidler. En høring i kontrollutvalget må ha preg av informasjonsinnhenting knyttet til en kontrollhandling som kommer inn under kontrollutvalgets kompetanseområde. Kontrollutvalget skal ikke overprøve politiske vedtak, og det er også viktig at en høring ikke bærer preg av politisk omkamp.

Kontrollutvalget anbefales å utarbeide et eget reglement for høringer for å sikre en forsvarlig gjennomføring og at alminnelige saksbehandlings- og rettssikkerhetshensyn ivaretas. Reglementet må i tilfelle vedtas av kommunestyret. I veilederen er det tatt inn et eksempel på et slikt reglement.

2 **Kontrollutvalgets** **verktøykasse**

Kontrollutvalget har en rekke virkemidler i arbeidet sitt, og vide hjemler for å skaffe seg den informasjon som trengs for å klarlegge kontroll- og tilsynssaker. Det hjelper imidlertid lite dersom kontrollutvalget rår over begrensede ressurser, både økonomiske og personmessige. Kontrollutvalget må i ethvert tilfelle vurdere om en sak i tilstrekkelig grad kan klarlegges dersom ressursene mangler, og i tilfelle tidsnok og om nødvendig ta opp med kommunestyret å få tilført ekstra midler.

2.1 Retten til opplysninger og å foreta undersøkelser

Kontrollutvalget handler på vegne av kommunestyret, og kan iflg. koml § 77 nr. ” ..hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene”.

Kontrollutvalgsforskriften¹ § 5 avgrensner retten til ” hos kommunen eller fylkeskommunen”, og til å gjelde opplysninger, redegjørelser og dokument som kontrollutvalget selv finner *nødvendige*, og som er knyttet til kontrollutvalgets kontroll- og tilsynsoppgaver. Den samme avgrensningen gjelder retten til å foreta undersøkelser, men innenfor denne rammen har kontrollutvalget en vid fullmakt til å samle informasjon (jf. begrepet ”enhver”).

Det antas at eksterne partnere som ivaretar en oppgave eller opptrer på vegne av kommunen, under samme forutsetninger er pliktig til å gi den informasjonen som kontrollutvalget etterspør – på det området den eksterne partneren er ansvarlig for. Eksterne partnere kan eksempelvis være leverandør av banktjenester, advokattjenester, renovasjonstjenester o.l.

Utover disse kan ikke kontrollutvalget kreve å få informasjon, utenom i de tilfeller en ekstern aktør på forespørsel sier seg villig til å medvirke i å klarlegge et saksforhold.

Kontrollutvalget har rett til å få enhver taushetspliktbelagt opplysning m.v. i saken, forutsatt at de er ”nødvendige”, angår ”oppgavene” og befinner seg ”hos kommunen/ fylkeskommunen”. Man skal likevel være kritisk til hva man behøver av taushetspliktbelagt informasjon.

Som ethvert forvaltningsorgan er kontrollutvalget pliktig til å innhente den informasjonen som er nødvendig for å belyse et konkret saksforhold, før det trekkes en konklusjon. Behovet for informasjon må kunne begrunnes ut fra kontroll- og tilsynshensyn, eller for å brukes i kontrolløyemed, dvs. for å kunne ivareta de kontroll- og tilsynsoppgaver som kontrollutvalget er pålagt. Det antas at kontrollutvalget i tillegg må kunne be om informasjon og foreta undersøkelser for å klarlegge nærmere en indikasjon på et mulig kontrollforhold, dvs. om det foreligger et tilfelle som bør undersøkes nærmere.

2.2 Måter å skaffe seg informasjon på

For å gjennomføre kontroll av et ønsket område, har kontrollutvalget flere tilgjengelige ”verktøy” til å skaffe seg kunnskap. Man bør kritisk vurdere nødvendigheten av å bruke de ulike verktøyene, og omfanget og relevansen av informasjonen man trenger, gjerne også underveis i informasjonsinnhenting.

¹ Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

2.2.1 Informasjonsinnsamling

